

Navn
Postnummer Poststad

Som lokalavdeling ynskjer vi å styrke kontakten med medlemmane våre. For å spare kostnader ynskjer vi og å sende informasjon elektronisk i form av epost og SMS. Vi er avhengig av at vi har registrert riktige kontaktopplysningar for å få dette til.

Er du usikker på om vi har registrert riktige opplysningar for at du kan motta medlemsinformasjon på epost eller SMS? Send oss oppdaterte opplysningar på epost. Adressar finn du på heimesidene.

www.adopsjonsforum.no
www.verdensbarn.no
www.inoradopt.no

Her finn du oppdatering på kva som skjer i di lokalforeining

Vi minner om Fellesarrangementa:

Årsmøte for VB og AF på Slåtten Skule, Førde - laurdag 20. feb. 2010 kombinert med ski og akedag, grilling av pølser.
Adopsjonstreff Nesholmen – mai/juni 2010




Adopsjonsforum



InorAdopt

ADOPSJONSVEKA 2009



Lokallaga i Sogn og Fjordane inviterer medlemmer og andre aktuelle personar til spennande arrangement

Laurdag 21. november

Stad:
**Førde Kyrkjelydshus,
Biblioteket,
Kyrkjevegen 23, Førde**

Sett av dagen til ein Førde-tur!

Ventetreff

Målgruppe: søkarar som er i ventefasen
Tidspunkt: 12.30-14.00
Entre: gratis (inkl. enkel servering)

Besteforeldre og andre ressurspersonar

Målgruppe: medlemmar, besteforeldre og andre ressurspersonar
Tidspunkt: 14.30-17.00
Entre: kr. 50 pr. pers (inkl. enkel servering)

Ventetreff – kl. 12.30-14.00

Den stadig aukande ventetida byr på utfordringar for våre søkjarar. Vi vil difor invitere alle 1. og 2 gongsventarar til eit uformelt treff i Førde. Hovedmålet er å treffe andre i same situasjon og å skape nettverk.

Kva gjer den lange ventetida med oss? Og kva kan vi gjere med den?

Korleis er adopsjonssituasjonen pr. i dag?

Tips/erfaringar frå tida før/under og etter hentereisa

Dette er eksempel på tema som er aktuelle, men vi er opne for å ta opp det som søkjarane er opptekne av.

Jorunn Farsund og Camilla Fosse frå Adopsjonsforum si lokalavdeling er tilstades under treffet. Dei har adoptert born frå Colombia og Kina.

Vi ser fram til eit hyggeleg treff.

Vel møtt!



Besteforeldre og andre ressurspersonar kl. 14.30- 17.00

I år har vi vore så heldige å få tak i foredragsholder **Ingvild S. Huse**.

Ingvild S. Huse er utdanna sosionom og har også mellomfag i psykologi og master i sosialt arbeid.



Tittel på masteroppgåva er: "Foreldreformer i en biologisk sentrert kultur. Adoptivforeldre forteller om sin foreldreform". Interesserte kan finne den på denne heimesida under 2008: <http://www.hio.no/content/view/full/40380>

Huse har allsidig erfaring fra mellom anna kommunal barnevernsteneste, bistandsarbeid og rådgjevingstenesta i Adopsjonsforum.

Ho er og forfatter av det nye temaheftet som kjem ut i haust, "Adopterte barn og tilknytning".

Ingvild S. Huse er for tida høgskulelektor ved Diakonhjemmets sosialhøgskole . Ho har sjølv adoptert to born.

Det er med stor glede at vi ynskjer nye og gamle medlemmar, besteforeldre og andre ressurspersonar i nettverket for våre born velkommen til dette spennande møtet med **Ingvild S. Huse**.

**Påmelding for begge arrangement til:
Verdens barn v/Olaug Helle.**

**Påmeldingsfrist er søndag 15.11.09
Olaughel@online.no eller mobil: 416 93 874.**